

## *Seiland*

*Av Harald Bjorvand og Rolf Theil*

*The large island which bears the name Seiland is situated in the western part of Finnmark in the municipalities Alta, Hammerfest and Kvalsund. The corresponding North Saami name is Sievju, which reflects Proto-Saami \*sievjō or \*siepjō. If these forms were to be regarded as borrowed from Proto-Scandinavian like so many other words in North Saami, then \*sievjō would reflect e.g. PrScand. nom. \*seuju or nom. \*segju, and \*siepjō would be a reflex of e.g. PrScand. nom. \*sebjū. These forms are however unacceptable. Because of the so-called older i/j-umlaut of Gmc. \*e > \*i we expect Proto-Scandinavian forms like \*siuju, \*sigju and \*sibju. These hypothetical forms cannot have given the first part Sei- of Seiland (-land is a later addition). It also proved impossible to reconstruct an acceptable Old Norse (or Proto-Scandinavian) proto-form of Sei-, which should consequently best be regarded as an early adoption (in the sixth century?) of North Saami Sievju. On the other hand the assumed Proto-Saami forms \*sievjō and \*siepjō do not seem to have any cognates in North Saami. In addition, these Proto-Saami forms cannot be reflexes of any Pre-Saami forms. Proto-Saami \*sievjō and \*siepjō had to be reflexes of Pre-Saami \*sevjo or \*sepjo, which, however, are phonotactically unacceptable. Because of the so-called o/ɔ-umlaut, Proto-Saami-Finnic first syllable \*e changed into Pre-Saami \*ε when the second syllable had \*a or \*ɔ. \*ε became ea in modern North Saami. Like so many names and words in this language they are therefore in all probability borrowed from the unknown Palaeo-Laplandic languages (Aikio) which were spoken in these parts before the westward spread of the Saami languages.*

## 1 Innleiing

*Seiland* [<sup>1</sup>*seilayn*] er namnet på ei stor øy som ligg i kommunane Alta, Hammerfest og Kvalsund i Vest-Finnmark. Store delar av øya har vore nasjonalpark sidan 2006. Det nordsamiske namnet på øya er *Sievju*. Førleiden *Sei-* i den norske forma synest historisk sett å samsvara med den samiske forma på eit eller anna vis, medan etterleiden *-land* har vorte til-lagt i seinare tid. Dette øynamnet er ikkje sikkert tolka. Ein som har freista gjera det, er Thor Frette i ein stutt artikkel i *Norsk Stadnamleksikon* (NSL) i den fjerde og siste prenta utgåva frå 1997 (s. 384–385). Han går der ut frå at namnet har vorte lånt frå urnordisk til samisk ein gong føre ca. 600 e. Kr. At eit lån frå urnordisk til samisk var mogeleg allereie så tidleg i den nordlegaste delen av landet, syner framfor alt den samiske namneforma på Magerøya i Nordkapp kommune, som er *Máhkarávju*. Etterleiden *-ávju* representerer nom. *\*auju* eller akk. *\*aujō* av det urnordiske ordet for ‘øy’ (germansk *\*ag<sup>w</sup>jō-* f.), jf. norrønt *ey* osb. Dersom ein samanliknar *-ávju* i *Máhkarávju* med namnet *Sievju*, ligg det nær å tenkja seg at det også her kan liggja føre eit lån av eit samansett urnordisk namn med nom. *\*auju* eller akk. *\*aujō* som etterled.

Dette gjer då også Frette i sin artikkel, og når det gjeld førleiden, gissar han på at det kan ha vore substantivet norrønt *sær*, *sjór*, norsk *sjø* m. osb., slik at *Sei-* i *Seiland* etter hans meining kjem av norrønt *\*Sæ-ey*. Frette rekonstruerer vidare ei urnordisk form *\*sai-aujo* (sic) som skal ha gjeve samisk *Sievju*, men *\*sai-* er ikkje ei mogeleg urnordisk form av ordet for ‘sjø’. Dette er ein germansk i-stomn *\*saiwi-*, som forutan i norrønt og norsk òg finst att mellom anna i gammalengelsk *sæ*, engelsk *sea* osb. Eit samansett namn med dette ordet som førleed og ordet for ‘øy’ som etterled laut i eldste urnordisk ha hatt forma nom. *\*saiwi-auju*, og *\*ai* vart seinare til *\*æ* framfor *\*w*, jamfør norrøn gen. *sævar*.

Dette utan tvil gamle namnet skulle altså ha hatt tydinga ‘sjø-øya’. Forutan *Seiland* finst det i dette området mange store øyar som *Sørøya*, *Stjernøya* og *Kvaløya*, og det synest avgjort ikkje rimeleg å kalla berre ei av desse for ‘sjø-øya’. Dei ligg jo alle til sjøen/havet. Norrønt *sjór* osb. kan òg tyda ‘innsjø, vatn’, men *Seiland* har t.d. heller ikkje noko stort vatn som kunne ha vore kjenneteiknande for ho i tilhøve til dei andre øyane. Det som karakteriserer øya er derimot mellom anna to store brear, *Seilandsjøkelen* og *Nordmannsjøkelen*. Namnet *\*saiwi-auju* er såleis van-

skeleg å skjøna ut frå topografien, sjå pkt. 3, og om ei slik urnordisk form verkeleg kan liggja til grunn for samisk *Sievju* vert diskutert i pkt. 2.

## 2 Urnordisk og nordsamisk

Ei urnordisk form *\*saiwi-auju* ville ha vorte til *\*sáiva-ávju* på nordsamisk. Etterleden er alt omtala i pkt. 1, og føreleden – urnordisk nom. *\*sai-wir*, akk. *\*saiwi* ‘sjø’ – er lånt inn i nordsamisk som *sáiva* ‘ferskvatn; kjeldeinnsjø, innsjø utan tillaup’. Ei eventuell samandraging av *\*sáiva-ávju* til nordsamisk *Sievju* har ingen parallellar.

Reduksjon av leder i samansette ord er ikkje ukjend i nordsamisk, men skjer i leden B i samansetjingar av typen [[AB]C], det vil seia i etterleden i ei samansetjing som er føreled i ei større samansetjing. Eit døme er *sotnabeaiskuvla* ‘sundagsskule’, som har strukturen [[*sotna-beai*]skuvla], der *beai* [peā] er ei redusert utgåve av *beaivi* [peā:vi] ‘dag’ – jamfør *sotnabeaivi* ‘sundag’. I ei samansetjing som *beaivegirji* ‘dagbok’ vert ikkje *beaivi* redusert til *beai*.<sup>22)</sup> *Sáiva* i *sáivaguolli* ‘ferskvassfisk’ kan heller ikkje reduserast til *\*sái*.

Nordsamisk *Sievju* lyt koma av ursamisk 5 *\*sievjō* eller *\*siepjō*.<sup>23)</sup> Ursamisk kan tidfestast til perioden frå byrjinga på vår tidsrekning og fram til om lag 500 e. Kr., ein periode som var samtidig med urnordisk. Det finst fleire hundre urnordiske lånord i nordsamisk, og på grunnlag av desse kan ein relativt lett slå fast kva for urnordiske former som ville gje ursamisk 5 *\*sievjō* eller *\*siepjō*. Ursamisk 5 *\*sievjō* laut koma av urnordisk *\*seuju* eller *\*segju*, medan *\*siepjō* laut koma av urnordisk *\*sebjū*. Alternativt kunne alle dei urnordiske formene ha enda på *\*-ō* i staden for *\*-u*. Her er døme som underbyggjer rekonstruksjonane:

Urnordisk *\*e* til ursamisk 5 *\*ie*: urnordisk nom. *\*gerdu* f. ‘gjord, band’ til ursamisk 2 *\*kertō* > ursamisk 5 *\*kierto̅* > nordsamisk *gierdu* ‘tynneband’.

22) Endringa av *beaivi* til *beaive* som føreled i samansetning er ein ålmenn prosess som skjer med alle substantiv som endar på *-i*.

23) Sammallahti (1998) skil mellom *presamisk* (Pre-Saamic) og fem stadium av *ursamisk* (Proto-Saamic), det vil seia *ursamisk 1–5*. Me har freista å fylgja denne inndelinga, og i det heile analysen til Sammallahti.

Urnordisk \**eu* føre konsonant til ursamisk 5 \**iev*: urnordisk nom., akk. \**greuna* n. ‘gryn’ til ursamisk 2 \*(*k*)*revna* > ursamisk 5 \*(*k*)*rievnē* > nordsamisk *rievdni* ‘gryn’.

Urnordisk \**gj* til ursamisk 5 \**vj*: urnordisk nom. \**agju* f. ‘egg, kvass kant’ til presamisk \**akjo* > ursamisk 5 \**āvjo* > nordsamisk *ávju* ‘egg, knivegg’.

Urnordisk \**uj* der \**u* er siste del av ein diftong til ursamisk 5 \**vj*: urnordisk nom., akk. \**hauja* n. ‘høy’ til ursamisk 2 \**avja* > ursamisk 5 \**āvje* > nordsamisk *ávji* ‘høy’.

Urnordisk \**bj* til ursamisk \**pj*: urnordisk nom. \**sibjungar* m. ‘ver skylding’ til ursamisk 2 \**sipjŋki* > ursamisk 5 \**sipjōŋkə* > nordsamisk *sivjjot*, akk., gen. *sivjjoga* ‘verbror til kvinne, versyster til mann’.

Grunnlaget for å skilja mellom \**vj* og \**pj* i ursamisk er at desse grupene har ulike refleksar i fleire samiske språk; jamfør mellom anna lulesamisk *ájjvo* ‘egg (på kniv eller øks)’, *ájjve* ‘høy’ og *sibjuk*, gen. *sibjuga* ‘verbror til kvinne, versyster til mann’ og sørsamisk *aavtjoe* ‘egg (på kniv eller øks)’, *aevjie* ‘frodig eng på forlaten reinhage eller gammetomt’ og *sibjege* ‘kona til den eldre broren eller fetteren til ein mann; den yngre broren eller fetteren til ein ekte-mann’.

### 3 Urnordisk/nordvestgermansk

Det vart i pkt. 2 slege fast at dei urnordiske formene som eventuelt kunne liggja til grunn for den samiske namneforma *Sievju*, måtte ha vore nom. \**seuju*, \**segju* og \**sebj* eller akk. \**seujō*, \**segjō* og \**sebjō*. Men desse er ikkje akseptable urnordiske former. Sidan dei er *j*-avleiingar, måtte dei på grunn av *i/j*-omljoden av germansk \**e* > \**i* ha hatt diftongen \**iu* og vokalen \**i* i rota i urnordisk. Denne omljoden er nemleg eldre enn dei andre omljodane (t.d. urnordisk \**a* > \**æ* > norrønt *e* i *gastir* > *gestr* ‘gjest’), og det vil seia at han er eldre enn den urnordiske perioden, som vi kan rekna frå ca. 200 føre Kristi fødsel, sjå t.d. Andreas Heusler (1932 s. 18). At han er så gamal, går eintydig fram av den urnordiske presensforma 3. sg. *ist* ‘er’ på Vetteland-steinen (truleg frå 4. hundreåret), sjå Wolfgang Krause (1966 s. 136–139). Ho har *i* < \**e* på grunn av ein final stutt \**i* som allereie har falle bort i motsetnad til *gastir* ovanfor. Vi finn den same forma i t.d. gammalhøgtysk *ist* og gammalengelsk *is* (med yngre

bortfall av *\*t*). Dei kjem alle i siste instans av germansk *\*esti* som ved i-omljod vart til *\*isti* i den nordvestgermanske perioden, då òg final stutt *\*-i* noko seinare fall bort. Nordvestgermansk frå ca. 500 til ca. 200 f. Kr. er det felles språksteget til alle dei seinare nordiske (norsk, svensk osv.) og vestgermanske (tysk, engelsk osv.) språka, sjå Ottar Grønvik (1998 s. 136–147) for periodeinndelingane.

Dei føreslegne formene nom. *\*seuju*, *\*segju*, *\*sebju* osv. måtte med andre ord vera nordvestgermanske og lånte til samisk føre i/j-omljoden fann stad, truleg ikkje seinare enn omkring 200 f. Kr., medan dei yngre urnordiske formene måtte ha vore nom. *\*siuju*, *\*sigju*, *\*sibju* osv. Spørsmålet blir då om det er mogeleg å tenkja seg at eit øynamn som *Sievju* kan vera eit så gammalt lån at det har kome frå germansktalande til samisktalande menneske her i Finnmark allereie før den urnordiske perioden. Sjå vidare pkt. 4.

#### 4 Eldre samisk målsoge

Ante Aikio (2012) presenterer fleire språklege argument for at ursamisk oppstod i det sørlege Finland i tidleg jarnalder (om lag 500 f. Kr. – 300 e. Kr.). Det mest sannsynlege biletet er at ursamisk vart tala langs nordkysten av Finskebukta, og at uraustersjøfinsk på same tid vart tala langs sørkysten av Finskebukta, det vil seia i det noverande Estland. Ursamisk og uraustersjøfinsk var nærskyldte, og utgjorde dei vestlegaste greinene i den uralske språkfamilien. På denne tida var det eit samanhengande uralsk-språkleg område frå Finskebukta og heilt inn til dei områda der me i dag finn dei mordvinske språka, mellom elvane Volga og Oka.

Tidleg i vår tidsrekning spreidde ursamisktalande folk seg frå dette området, og kring år 500 e. Kr. budde dei over heile Finland, Karelen, Kolahalvøya og på Den skandinaviske halvøya ned til Sør-Noreg og Midt-Sverige. Det er difor lite sannsynleg at potensielle nordvestgermanske former som *\*seuju*, *\*segju*, *\*sebju* osv. kan vera lånte til samisk på Finnmarkskysten 200 f. Kr. Ursamisk kan ikkje ha kome til desse stroka før fleire hundre år seinare. Om det fanst germansktalande folk so langt nord på det tidspunktet, veit me lite om.

Det må òg understrekast at urnordisk *\*siuju*, *\*sigju*, *\*sibju* osv. ikkje ville kunna verta til ursamisk 5 *\*sievjō* eller *\*siepjō*. Urnordisk *\*i* i fyrste staving vart lånt inn i ursamisk som *\*i*, som desse døma viser:

Urnordisk nom., akk. \**diura* n. ‘dyr’ til ursamisk 2 \**tivra* > ursamisk 5 \**tivrē* > nordsamisk *divri* ‘dyr, insekt’.

Urnordisk nom. m. \**diurir* ‘dyr, kostesam’ til ursamisk 2 \**tivris* > ursamisk 5 \**tivrās* > nordsamisk *divrras* ‘dyr, kostesam; fornem’.

Urnordisk nom. \**strindu* f. ‘kant, side’ til ursamisk 2 \**rinto* > ursamisk 5 \**rintō* > nordsamisk *riddu* ‘kyst, strand, strandbreidd’.

Det er omdiskutert om urfinsk og uraustersjøfinsk opphavleg utgjorde ei eiga grein av uralsk, eller om dei frå gammalt var uavhengige greiner av eit mykje eldre vest-uralsk. Eit argument mot å postulera eit eldre ursamisk-austersjøfinsk er at ein ikkje har funne nokon sams samisk-austersjøfinske innovasjonar som skil desse språka frå andre uralske språk. Ursamisk og uraustersjøfinsk var likevel nærskyld, og dei kan ha utgjort eit sams dialektkontinuum.

Det er òg verdt å merkja seg at dei tidlegare nemnde rekonstruksjonane ursamisk 5 \**sievjō* eller \**siepjō* ikkje kan koma av eldre uralske ord. Ursamisk 5 \**ie* i fyrste staving kom av ursamisk 2 \**e*, og ursamisk 5 \**ō* i andre staving kom av tidleg ursamisk 2 \**ɔ*, men ord med \**e* i fyrste staving og \**ɔ* i andre staving var ikkje mogelege i ursamisk 2. Presamisk skil seg frå uraustersjøfinsk mellom anna ved ei lødending som me kan kalla *a/ɔ*-omljod, der uraustersjøfinsk \**e* vart til \**e* i fyrste staving når vokalen i andre staving var \**a* eller \**ɔ*. Pekka Sammallahti (1998 s. 181) rekonstruerer eit ursamisk-austersjøfinsk \**kejno* ‘veg’, som vart til presamisk \**kejno*, ursamisk 5 \**keajno* og moderne nordsamisk *geaidnu*.

Det er uklårt om den samiske *a/ɔ*-omljoden skjedd før eller etter den germanske *i/j*-omljoden, men i alle høve må han ha skjedd lenge før dei ursamisktalande byrja å spreia seg nordover mot Finnmark. Ursamisk 5 \**sievjō* eller \**siepjō* lyt med andre ord vera eit lånord, men frå eit anna språk enn urgermansk eller urnordisk. Meir sannsynleg er lånekjelda det Aikio (2012) kallar *paleo-lapplandsk* (Palaeo-Laplandic), som me gjer greie for i pkt. 5.

## 5 Paleo-lapplandsk

Karl Bernhard Wiklund (1896) meinte at samane og finnane, trass i at dei tala nærskyld språk, ikkje kunne ha same opphav, sidan dei «anthropologisch» var så forskjellige. Samane måtte ha tala eit anna, ikkje-finsku-grisk språk som han kalla «Protolappisch» og for om lag 2000 år sidan

måtte dei ha vore gjennom eit språkbyte. Ein nærskyld teori gjekk ut på at samane opphavleg var ei samojedisk stamme som hadde bytt til eit finskugrisk språk; jf. t.d. Konrad Nielsen (1913 s. 204–205).

Sidan 1990-talet har genetikarar sett nærare på desse problema. I artikkelen «Language replacement in Scandinavia» (Sajantila & Pääbo 1995) vert det lagt fram ei mogeleg alternativ forklåring på at samane og finnane står nær kvarandre språkleg men langt frå kvarandre genetisk: Finnane kan ha bytt språk frå eit indoeuropeisk til eit finskugrisk språk. Kristiina Tambets o.a. (2004 s. 678) skriv mellom anna dette:

The Samoyeds are the least genetically close to the Saami among the people of the Uralic language family, whereas nearly all of the mtDNA and Y-chromosomal heritage of the Saami can be adequately explained within the European pools of the two haploid genetic systems. This genetic-based reconstruction [...] is in agreement with the spread of Ahrensburgian and Swiderian Mesolithic technologies in northern Europe, linking it with population expansion that can be traced back to the post-Last Glacial Maximum recolonization of the European north [...].

Fennoskandia vart folkesett rett etter siste istid av reinsdyrjegerar som for kring 12 000 år sidan budde i det noverandre Nord-Tyskland og Polen. Karin Bojs (2015 s. 145) viser til mykje forskning som stør teorien om at samisk språk spreidde seg over store delar av Fennoskandia for 1500–2000 år sidan. Ho har òg intervjuar arkeologen Kjell-Åke Aronsson ved *Åjtte*, Svenskt fjäll- och samemuseum, Jokkmokk,

... som ser ett samband mellan samiska språk och tidig järnhantering. Dessa två företeelser verkar ha anlänt norra Skandinavien ungefär samtidigt – för ungefär två tusen år sedan. Om en liten invadrad grupp kunde överföra ett helt nytt språk på en tidigare befolkning, måste de ha haft någonting alldeles extra att komma med [...].

Aikio (2004, 2012) argumenterer språkleg for at før den samiske ekspansjonen budde det folk over store delar av Fennoskandia som tala ikkje-uralske språk, og at det finst leivningar etter desse språka i samisk ordtil-

fang og i samiske stadnamn. Samisk har hundrevis av ord utan kognatar i andre uralske språk, og som Aikio (2012 s. 85) uttrykkjer det:

It is particularly telling that many words refer to features that are typical of the natural environment in Lapland, but rare or nonexistent in more southern Finland and Karelia.

Mellom mykje anna nemner han fuglenamn som *giron* ‘fjellrype’, sjødyrnamn som *morša* ‘kvalross’, topografiske namn som *riehppi* ‘botndal’ og namn knytte til særskilde vêrtilhøve, som *jassa* ‘snøflekk, snøfonn, snøskavl’. Aikio (2004 s. 17) skriv:

An inspection of the existing collections of North Saami toponyms reveals an abundance of names of unknown origin. A proportionally large number of such names belong to major topographical formations, which in itself suggests that the names may predate Saami.

Aikio (2012 s. 87) gjev òg klåre språklege argument for at –

the substrate influence of Proto-Laplandic languages was *contemporaneous* with the adoption of Proto-Scandinavian loanwords. As the Proto-Scandinavian contacts in Scandinavia must be equated with the Early Runic era ca. 200–700 AD, we thus have an absolute dating also for the spread of Saami languages to Lapland and for the disappearance of the unknown Palaeo-Laplandic languages. All evidence indicates that it has taken place only after the beginning of our era, likely about 1500 years ago.

Det er karakteristisk for mange av desse appellativa og propria av ukjent opphav at dei har ei fonologisk form som utelukkar dei som potensielle uralske ord, slik me ovanfor har vist for Ursamisk 5 *\*sievjō* eller *\*siepjō*, som har det Aikio kallar ein «unetymological vowel combination».

## 6 Konklusjon

Det går tydeleg fram av diskusjonen ovanfor i pkt. 3 at dei ursamiske formene *\*sievjō* eller *\*siepjō* som baa kan liggja til grunn for nordsamisk *Sievju* ikkje kan vera lånte frå urnordisk, det vil seia ein gong etter Kr. f.



Det vart vidare i pkt. 4 synt at dei av migrasjonsmessige årsaker heller ikkje kan vera eldre germanske lån frå før i/j-omljoden av stutt \**e* > \**i* fann stad i det språkstadiet me kallar nordvestgermansk (ca. 500–200 f. Kr.), jf. igjen også pkt. 3.

Me kan òg (for å gjera det heilt klårt) utan vidare slå fast at dei hypotetiske nordvestgermanske formene \**seuju*, \**segju* og \**sebju* > urnordisk \**siuju*, \**siggju* og \**sibju* heller ikkje på noko vis kan synast å liggja til grunn for føreleden *Sei-* i *Seiland*. Me ventar \**Sy-* (norrønt \**Sý-*), \**Sigg-* (norrønt \**Sigg-*) og \**Sev-* (norrønt \**Sif-*). Me treng såleis heller ikkje å gå nærare inn på kva for tyding dei eventuelt skulle ha hatt.

Når det gjeld tolkinga av *Seiland*, er det sjølvsagt eit stort problem at me vantar gamle, norrøne former av namnet. Det vert drøfta i NG 18 (1924 s. 124) der ein samanheng mellom føreleden *Sei-* og fiskenemnet *sei* m. (norrønt *seiðr*) med rette vert forkasta. Ein tenkte seg at *Sei-* kanskje heller kunne ha opphav i fuglenemnet norrønt *sæðingr* m. ‘fiskemåke og/eller gråmåke’ (*Larus canus* og *Larus argentatus*), jf. nynorsk *sæding*, dial. *sæing*, *sing* og *sæng*, sjå Torp (1919 s. 764). Me får då ei norrøn samansetjing *Sæðing(a)land*. Ei endring frå \**æ-i* > *ei* etter bortfall av \**ð* er rimeleg, men det er vanskeleg å godtaka at *-ng* utan vidare skulle ha falli bort. Namnet er heller ikkje særmerkjande nok, sidan desse fuglane finst (fanst) overalt langs heile kysten. Som me såg i pkt. 1, er ei lagning til norrønt *sær*, *sjór* m. ‘(inn)sjø’ heller ikkje akseptabel, korkje semantisk eller formelt.

Me kan altså slå fast at *Sei(land)* etter alt å døma ikkje kan ha germansk opphav, og sidan nordsamisk *Sievju* på si side ikkje kan vera eit lån frå urnordisk/nordvestgermansk, lyt det historiske tilhøvet mellom *Sievju* og *Seiland* då mest sannsynleg uttydast slik at føreleden *Sei-* representerer eit nokså gammalt lån frå nordsamisk (føre 600 ?). I den norske forma *Sei-* er såleis den finale sekvensen *-ju* i den samiske forma blitt synkopert, medan *Siev-* er reflektert som *Sei-* (med mellom anna ein “normal” diftong *ei* for nordsamisk *ie*). I NG (ibid.) gjekk dei ut frå at det nordsamiske namnet var uavhengig av det norske, men me vil ikkje slutta oss til dette synet, sidan eit lån frå nordsamisk truleg er den beste måten *Sei-* kan få ei nokolunde rimeleg tolking på.

Det er sjølvsagt òg eit problem at *Sievju*, slik vi såg ovanfor i pkt. 4, ikkje utan vidare synest å kunna knytast til anna samisk/finsk-ugrisk språkmateriale. Dersom namnet kjem frå det språket som var der før den

samiske innvandringa, får me diverre heller ikkje greie på kva tyding namnet har hatt. Seiland er særst fjellrik med mange toppar over 800 moh. Det høgaste punktet er Seilandstuva på 1079 moh. Desse topografiske tilhøva kan ha vore eit mogeleg namnemotiv. Andre døme på nordsamiske namn i dette området som truleg også lyt vera paleo-lapplandske, er namnet *Sállan* på den store øya Sørøya (jf. pkt. 4 slutten) og øynamnet *Kågen / Gávvir* i Nord-Troms. Jamvel namnet *Skjervøy / Skiervá* (Nord-Troms) har fleire aspekt ved seg som peikar i same lei.

I innleiinga til boka *De lappiske stedsnavn i Troms fylke* (1935) skriv Just Knud Qvigstad (s. 5):

Ikke alle lappiske stedsnavn er av lappisk opprinnelse. Mange er fremkommet ved å oversette eller omdanne norske navn, dels hele navnet, dels kun siste ledd av sammensatte navn. I så henseende er der stor forskjell mellem de lappiske stedsnavn langs seilleden og på øene og stedsnavnene inne i fjordene og innlandet. De ekte lappiske stedsnavn finnes overveiende i de indre strøk, de lappiske stedsnavn av norsk opprinnelse i de ytre.

Det biletet som teiknar seg no, 85 år seinare, er meir innfløkt. Det har vore ein tendens til å tolka fleire stadnamn som norske utan å sjå nærare på dei samiske motsvara, som ikkje lèt seg forklåra som omsetjingar eller omdanningar av dei norske namna – men likevel synest å vera utan ein innlysande samisk etymologi. Når dei språklege tilhøva no ein gong er så kompliserte, kan me heller ikkje sjå heilt bort frå at føreleden *Sei-* kan representera eit lån direkte til urnordisk frå det paleo-lapplandske urspråket i området.

## Litteratur

- Aikio, Ante 2004: An essay on substrate studies and the origin of Saami. S. 5–34 i Irma Hyvärinen, Petri Kallio & Jarmo Korhonen (utg.): *Etymologie, Entlehnungen und Entwicklungen: Festschrift für Jorma Koivulehto zum 70. Geburtstag*. (Mémoires de la Société Néophilologique de Helsinki, 63.) Helsinki.
- Aikio, Ante 2012: An essay on Saami ethnolinguistic prehistory. S. 63–117 i: Riho Grünthal & Petri Kallio (eds.): *A Linguistic Map of Pre-*

- historic Northern Europe*. (Suomalais-Ugrilaisen Seuran Toimituksia = Mémoires de la Société Finno-Ougriennes, 266.) Helsinki.
- Bojs, Karin 2015: *Min europeiska familj de senaste 54 000 åren*. Stockholm.
- Grønvik, Ottar 1998: *Untersuchungen zur älteren nordischen und germanischen Sprachgeschichte*. (Osloer Beiträge zur Germanistik, 18.) Frankfurt am Main.
- Heusler, Andreas 1932: *Altisländisches Elementarbuch*. Heidelberg.
- Krause, Wolfgang 1966: *Die Runeninschriften im älteren Futhark*. I. Text. II. Tafeln. Mit Beiträgen von Herbert Jahnkuhn. Göttingen.
- NG 18 = Rygh, Oluf 1924. *Norske Gaardnavne. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision efter offentlig Foranstaltning*. Attende Bind (Tillægsbind) bearbejdet af J. Qvigstad og Magnus Olsen. Kristiania.
- Nielsen, Konrad 1913: Die wissenschaftliche bedeutung des Lappischen. *Finnisch-Ugrische Forschungen* 13: 186–205.
- Qvigstad, Just, Knud 1935: *De lappiske stedsnavn i Troms fylke*. (Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B: Skrifter, XXVIII.) Oslo.
- Sajantila, Antti & Svante Pääbo 1995: Language replacement in Scandinavia. *Nature Genetics* 11, 359–360 (1995).
- Sammallahti, Pekka 1998: *The Saami Languages. An Introduction*. Kárášjohka: Davvi Girji.
- Sandnes, Jørn & Ola Stemsaug 1997: *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utg. Oslo.
- Tambets, Kristiina o.a. 2004: The Western and Eastern Roots of the Saami—the Story of Genetic “Outliers” Told by Mitochondrial DNA and Y Chromosomes. *The American Journal of Human Genetics* 74, 661–682.
- Torp, Alf 1919: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania.
- Wiklund, Karl Bernhard 1896: *Entwurf einer urlappischen Lautlehre*. (Mémoires de la Société Finno-Ougrienne, X.) Helsinki.